

Årsmelding for eldrerådet i Øystre Slidre kommune 2018

Eldrerådet i 2018 har hatt slik samantetning:

Medlem:

Torleiv Sigurd Hovi , leiar
Solveig Rydland , nestleiar
Gunnar Berg
Edgar Linn , FRP
Marit Synnøve Opheim Østli , AP

Varamedlem:

Erik Gjerdalen
Marit Robøle
Bodil Dahle
Morten Steinsrud , SP
Hanne Svendsen , H

Eldrerådet er eit rådgjevande organ som skal ha til handsaming saker som gjeld levekåra til eldre i kommunen. Rådet kan sjølv ta opp saker for eldre i kommunen.

Eldrerådet har i 2018 hatt 6 møter, og handsama 32 saker.

Eldrerådet har vedteke ei aktivitetsplan for året, der dei viktigaste sakene har vore prosjektering og bygging av Øystre Slidre Helsetun. Eldrerådet har vore orientert om framdrift og vedtak i saka i fleire møter, og er godt nøgd med arbeidet som er gjort av administrasjonen v/Rådmann og prosjektgruppa. Eldrerådet er glad for att endeleg vedtak om bygging av prosjektet vart gjort politisk i oktober 2018.

Eldredagen var den 1.oktober, og med god mat, tale av ordføraren og Erik Østli, god underhaldning og song – vart kvelden vellukka. 70 personer deltok, dette er ny rekord.

Eldrerådet har vore orientert om:

- *Heimesida til Øystre Slidre Kommune
- *Sekretær-ordning, Målfrid Robøle som ny sekretær
- *Ledige omsorgbustader
- *Kvardagsrehabilitering v/leiar Gina Myreng
- *Frå møte i samhandlingrådet Øystre Slidre Frivilligsentral
- *Frå møte i prosjektgruppa Øystre Slidre Helsetun
- *4.legestilling i Øystre Slidre kommune

Eldrerådet har gjeve uttale til:


- *Arbeide med gode kollektiv tilbod i Øystre Slidre
- *Bekymring låg bemanning ved Øystre Slidre sjukeheim
- *Forprosjekt Øystre Slidre Helsetun
- *Innspel til budsjett 2019

Andre møter:

- *Leiar har møtt på møter i samhandlingsrådet for Øystre Slidre Frivilligsentral
- *Leiar og nestleiar er medlemmer i referansegruppa for nytt helsetun. Leiar i eldrerådet er leiar i gruppa
- *Eldrerådet har delteke på regionale fellesrådmøter i Valdres
- *Nestleiar og medlem har delteke på konferanser i Fylkeseldrerådets regi

Eldrerådet vil takke administrasjon for god informasjon og samarbeid i saker som vedkjem oss. Me vil og takke politikarane for god oppfølging av våre saker.

Årsmelding vedteken i eldrerådet den 09.04.2019


Torleiv Sigurd Hovri (Leiar)